



Ole Vidar Monsen er rask både på sommar- og vinterføre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ole Vidar Monsen frå Uskedalen vart andremann i trimkarusellen medan Ståle Vange frå Vareld vann for fjerde året på rad. Teljande løp var Opsangervatnet rundt, Åkraløpet, 3.000 meter i Sunnhordlandmeisterskapet, Nuten opp, Søralløpet, Kvinnheradløpet og Varden opp. Dei som var med på to eller fleire løp fekk godkjend karuseldeltaking.

Ståle Vange fekk 75 poeng medan Ole Vidar Monsen hadde 61 og deretter kom Vegard A. Bergane frå Matre med 61. På fjordeplassen kom Torstein Monsen frå Uskedalen med 59.

Dette var dei andre plasseringane til løparar frå Uskedalen i same klassa (15-60 år):
Kurt Haugland åttandemann med 35, Steinar Haugland nummer ni med 31 og Tormod Myklebust nummer 11 med 29.

I klassa 61-100 år vann uskedelingen Steinar Kroka med 50 foran Pål Haugland frå Uskedalen med 45.
I klasse for kvinner 61-100 år vann Astrid Haugland frå Uskedalen med 50 poeng.